

---

**Fra:** Oeystein Nordrik <onordrik@online.no>  
**Sendt:** tirsdag 2. juli 2019 23:55  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** Klage sak PS 99/19

Som bebruar i Dalemarka, ser eg meg nødt til å protestere på etableringen av akvakultur-området ved Trollhola (sak PS 99/19) rett nedenfor Dalemarka. Eg protesterer på grunnlag av følgende faktorar:

1: Det kjem til å bli mykje støy frå eit eventuelt oppdrettsanlegg som vil komme i dette området viss dykk i kommunestyret vedtek dette forslaget. Eg er sjølv ein av om lag 300 bebruarar dette kjem til å få utover. Det vil då føre til ein god del irritasjon for bebruarane, men verst av alt er at mange kjem til å få helseplagar som følge av støyen.

2. Ein sak om flytting av Blom AS sitt oppdrettsanlegg til Trollhola vart tatt opp av fylkesmannen i både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune i fjor. Då fekk som kjent Meland Kommune ikkje medhald i å tillate flyttinga. Kvifor plutselig planlegge dette på nytt eit år etter sjølv etter at fylkesmannen ikkje gav medhold for eit år siden?

3. Av omsyn til faunaen rundt, både på land og i sjø, anbefales det ikkje å tillate oppdrettsanlegg å flytte til området Trollhola. Det er kjent at laksen i Vosso og Lone vandrer forbi dette området, samt at i fjella og bergene rundt så hekker ein raudlista falkeart. Å tillate ein flytting vil gå utover desse dyras liv.

Mvh.

Øystein Nordrik, beboer Dalemarka 137